

# Musikalsk tidsmaskin

Solisten på Kristiansand Symfoniorkesters nyaste innspeling har vore død i snart femti år.

## MUSIKK

SJUR HAGA BRINGELAND

sjurhb@aol.com

**E**dvard Griegs (1843–1907) *Klaverkonsert i a-moll*, opus 16, har vore innspela eit utal gonger på CD. Dei som plar vitja opningskonserten til Festspillene i Bergen, er sikre på å få høyra han minst éin gong i året – saman med «Nystemten» er han eit obligatorisk innslag her. Men Kristiansand Symfoniorkester under dirigent Rolf Gupta kjem denne hausten med ein ny versjon på det norske plateselskapet 2L, som skil seg frå alle andre: Pianosolisten som her spelar saman med kristiansandarane, har vore død i snart femti år.

### «MUSIKALSK TIDSMASKIN»

Då den australske klavervirtuosens Percy Grainger (1882–1962)

vitja Grieg på Troldhaugen utanfor Bergen i 1907, noterte komponisten euforisk i dagboka: «Jeg måtte blive 64 År forat få høre norsk Klavermusik så forstående og genialt tolket. Som han spiller Slåtterne og Folkevisebehandlingene bryder han nyt Land både for sig, for mig og for Norge. Og nu dette henrivende, naturlige, dybe, alvorlige og barnlige Naturell!»

Med den nye innspelinga har me for fyrste gong høve til å høyra korleis Grieg verkeleg ville ha klaverkonserten sin spela, ved hjelp av ein «musikalsk tidsmaskin» – *pianolaet*. Dette instrumentet, eller nærare sagt maskinen, er noko i retning av ein analog forlaupar til datamaskinen. Med perforerte papirstrimler og ei luftpumpe koplar ein pianolaet til eit moderne flygel som reproduserer Percy Graingers spel frå 1921.

### KOMPONISTEN SPELAR SJØLV

Pianoautomaten blei utvikla kring hundreårsskiftet i USA og introdusert i Europa under Leipzig-utstillinga i 1902. Borgarskapet såg snart det praktiske i oppfinninga, for ho gav høve til gode musikalske framføringar i dei kondisjonerte heimane utan at ein laut hyra ein dyr virtuos.

Men òg komponistar lét seg fascinera. I 1904 vitja ein pianolabyggjar Grieg på Troldhaugen og lærde han å perforera sine egne papirstrimler. Grieg fekk blod på tann, og to år seinare reiste han til Leipzig for sjølv å spela inn seks pianolarullar. På den nye CD-en har fem av desse stykka fått plass, mellom dei det kjende lyriske stykket *Bryllupsdag på Troldhaugen*, op. 65, spela av komponisten sjølv.

Plata blir meld i Dag og Tid seinare i haust.



«Jeg måtte blive 64 År forat få høre norsk Klavermusik så forstående og genialt tolket.» Australske Percy Grainger (1882–1962) bergtok Grieg med spelet sitt i 1907. Foto: 2L